



## INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

**Dato: Fredag 22.5.2026**

**Klokka 09.00 - 15.00**

**Stad: Heradstyresalen, Ulvik herad.**

09:00 - 12:00	Hardangerrådet sakshandsaming
11:00 - 11:30	Presentasjon kapitalutviding Hardanger og Voss Næringshage v/Trude Undebakke
12:00 - 13:00	Lunsj Yppal
13:00 - 15:00	Hardangerrådet sakshandsaming

**Regionrådet  
Saks nr.**

**Saker til handsaming:**

<b>HR-sak 21/26</b>	<b>Innkalling og sakliste</b>
<b>HR-sak 22/26</b>	<b>Godkjenning av møtebæker</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Møtebok frå fellesmøte HR og RF 27.3.2026</li><li>• Notat frå fellesmøte med Sunnhordlandrådet 10.4.2026</li></ul>
<b>HR-sak 23/26</b>	<b>Meldingar</b>
<b>HR-sak 24/26</b>	<b>Orienteringssaker</b>
<b>HR-sak 25/26</b>	<b>Oppfølging årsregnskap og årsmøtesaker Hardangerrådet iks</b>
<b>HR-sak 26/26</b>	<b>Nytt frå kommunane</b>
<b>HR-sak 27/26</b>	<b>Nytt frå Rådmannsforum</b>
<b>HR-sak 28/26</b>	<b>Høyring cruiseavgift</b>
<b>HR-sak 29/26</b>	<b>Besøksbidrag i Hardanger</b>
<b>HR-sak 30/26</b>	<b>Saker som kjem til.</b>

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

**Kinsarvik 15.5.2026**

**Jens Olav Holven  
Rådsordfører**

**Ann Irene Myrheim  
Dagleg leiar**



## MØTEBOK Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum

**Dato:** Fredag 27.3.2026  
**Klokka:** 10.00 - 12.00  
**Stad:** Heradstyresalen i Kvam

### Til stades:

Ulvik herad:	Ordførar Jens Olav Holven - rådsordførar
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad - leiar Rådmannsforum
Eidfjord kommune:	Ordførar Timo Knoch Rådmann
Eidfjord kommune	Rådmann Magnus Steigedal
Kvam herad:	Ordførar Torgeir Næss
Kvam herad	Rådmann Anita Hesthamar
Ullensvang kommune:	Ordførar Roald Aga Haug
Ullensvang kommun	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

### Agenda:

- 09:00 - 10:00 Årsmøte Hardangerrådet sakshandsaming
- 10:00 - 12.30 Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum sakshandsaming
- 12.30 - 13:00 Lunsj
- 13.00 - 15:00 Møte med Vestland fylkeskommune og plansjefar i Hardangerkommunane samt ordførar, rådmann og plansjef frå Samnanger

### Saker til handsaming:

**HR-sak 11/26 RF-sak 10/26**

**Innkalling og sakliste**

### Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

**HR-sak 12/26 - -**

**Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 16.01.2026**

### Vedtak:

Møteboka godkjende slik ho ligg føre.

**HR-sak 13/26 RF-sak 11/26**

**Meldingar**

### Vedtak:

Råda tek meldingar til vitande

**Vedtak**

**2. Innspel frå LVK til Hardangerkommunane iht Heimfallskraft**

Hardangerrådet gjev dagleg leiar mandat til å ta dialogen vidare med Lund & Co iht heimfallskraft.

Rådet tek dei andre orienteringane til vitande

**Vedtak:**

Hardangerrådet sluttar seg til uttalen sendt frå Hardanger og Voss ungdomsråd og sender uttalen til Statens vegvesen med denne endringa gjort i møtet: dialogen vert gjort med Norges trafikkskuleforbund, ikkje Tuft Transportskole.

**Uttale – førarprøve i førarkort klasse T (traktor) i Kvam herad**

Hardanger og Voss ungdomsråd ønskjer med denne uttalen å løfta fram behovet for at førarprøve i førarkort klasse T vert etablert som eit lokalt tilbod i Kvam herad. Hardanger er ein distrikts- og landbruksregion med store avstandar, spreidd busetnad og eit næringsliv som er avhengig av traktor som arbeidsreiskap. I dag må førarprøve kandidatar reisa ut av regionen for å gjennomføra prøva, noko som skaper unødige kostnader, fråvær og praktiske utfordringar som verkar avgrensande for mange.

Kvam herad er ein naturleg og fagleg godt eigna regional prøvestad. Heradet ligg sentralt i Hardanger og har eit variert og realistisk vegmiljø som gir gode rammer for vurdering av praktiske ferdigheiter. Det finst eigna areal for manøvrering og oppstilling, og Tuft Transportskole har allereie eit etablert opplæringstilbod i klasse T, noko som legg grunnlag for vidare utvikling av eit heilskapleg lokalt tilbod.

Statens vegvesen har eit viktig samfunnsoppdrag i å sikra likeverdige og tilgjengelege tenester i heile landet og å bidra til betre trafiktryggleik. Eit nært og tilgjengeleg prøvetilbod i Hardanger vil støtta nullvisjonen, då fleire ulykker med traktor og landbruksreiskap kan knytast til mangelfull kompetanse. Når opplæring og prøve vert meir tilgjengeleg, aukar sjansen for at fleire gjennomfører på ein trygg og forsvarleg måte. Samstundes reduserer ei lokal ordning reisebehov, kostnader og fråvær, og gir meir føreseielege rammer for både ungdom, familiar og næringsliv.

På denne bakgrunnen ber Hardanger og Voss ungdomsråd om at Statens vegvesen snarast vurderer og etablerer eit fast eller periodisk tilbod for førarprøve i klasse T i Kvam herad, og at det vert teke initiativ til dialog med Kvam herad, Norges trafikkskuleforbund og andre relevante aktørar for å avklara praktiske og faglege rammer for gjennomføring. Dette vil gi regionen eit tilbod som er både nødvendig, forsvarleg og i tråd med nasjonale mål om likeverd og tryggleik i trafikken.

**HR-sak 16/26 RF-sak 14/26**

## **Høyring konsesjonskraftpris**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet sluttar seg til hovudlinene i høyringsuttalen frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) om forslag til endringar i regelverket for fastsetjing av konsesjonskraftpris.

Hardangerrådet sender høyringsuttale til Energidepartementet på vegne av Hardangerkommunane, basert på høyringsuttalen frå LVK

Hardangerrådet legg til grunn at:

- ordninga med konsesjonskraft er ein grunnleggjande rett for kraftkommunane, etablert gjennom konsesjonslovgevinga,
- endringar i prisregimet ikkje må svekkje dei økonomiske rettane kommunane har knytt til konsesjonskraft,
- berekningsgrunnlaget for konsesjonskraftpris må vere representativt og ikkje føre til urimeleg auke i konsesjonskraftprisen som følgje av store investeringar i effekt- og pumpekraft.

Hardangerrådet ber om at det i det vidare lovarbeidet blir lagt til grunn at konsesjonskraftordninga framleis skal sikra kraftkommunane stabile og føreseielege rammevilkår.

**HR-sak 17/26 RF-sak 15/26**

## **Høyring Kommunekommisjonens delutredning 1**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet iks sender ikkje inn eigen høyringsuttale til NOU 2026:1 Kommunedelplan 1. Kvar kommune sender inn eigen høyringsuttale

**HR-sak 18/26 RF-sak 16/26**

## **Høyring overnattingsavgiften**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet godkjenner felles forslag til Høyringsuttale "Forskrift om overnattingsavgift" heimla i besøksbidragslova (lov 20. juni 2025 nr. 104). Uttalen vert sendt til Nærings- og fiskeridepartementet

Rådet ber om at dette tillegget vert lagt til uttalen:

"Ikraftredning av besøksbidragslova vert samordna med ikraftredning av tilhøyrande forskrift om cruiseavgift etter lova sin §3-1. Dette for å unngå ei urettvis ulik handsaming av ulike turistar til området."

**HR-sak 19/26**

**RF-sak 17/26**

**Besøksbidrag i Hardanger**

**Vedtak:**

Hardangerrådet saman med kommunale næringssjefar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstilfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.

**HR-sak 20/26**

**RF-sak 18 /26**

**Saker som kjem til.**

- Hardanger og Voss friluftsråd

Møteboka godkjent 27.3.2026

Jens Olav Holven  
Rådsordfører

Ann Irene Myrheim  
Dagleg leiar/referent

## Referat frå fellesmøte 10.4.2026 i Norheimsund

### SAK: Moglege samarbeid mellom Sunnhordlandsrådet (SHR) og Hardangerrådet (HR)

#### Hovudtema

Drøfting av felles utfordringar med særleg fokus på:

1. Fjordforvaltning
2. Kraft og energi
3. Bustadutvikling
4. Samarbeid og organisering
5. Infrastruktur
6. Reiseliv og næringsutvikling
7. Moglege samarbeidsområde
  - Felles forvaltningsplan for fjorden
  - Samarbeid om friluftsråd
  - Forvaltning og bruk av konsesjonskraftmidlar
  - Samordning av møte og arbeidsformer

#### 1. Fjordforvaltning

- Gjennomgåande utfordring med avslag på tiltak i fjorden → behov for betre dialog med statsforvaltar og styresmakter.
- Viktig å sjå fjorden samla for å sikra næringsaktivitet (særleg havbruk)
- Semje om behov for berekraftig forvaltning, gjerne gjennom felles plan

#### 2. Kraft og energi

- Ulik fordeling mellom produksjon og behov
- Behov for å opptre med felles regional stemme
- Konsesjonskraftinntekter bør i større grad tilbakeførast til regionane
- Auka fokus på ny kraftproduksjon (sol, vind)

#### 3. Bustadutfordringar

- Bustadkrisa er aukande (høg rente, låg bygging)
- Utfordringar gjeld både regionen og Europa generelt
- Behov for:
  - Tiltak som stimulerer til bygging
  - Deling av gode verkemiddel og erfaringar
- Tema:
  - Korttidsutleige (t.d. Airbnb) påverkar marknaden
  - Servicebustader og tilrettelegging for eldre
  - Verkemiddel frå Husbanken og KS

#### 4. Samarbeid og organisering mellom SHR og HR

- Regionen har fragmentert struktur:
  - Me er delt mellom fleire tingrettar, politidistrikt og helseføretak
- Behov for betre samordning på tvers
- Regionane er tettare knytte saman (nord–sør / aust–vest) enn ein ofte legg til grunn
- Samarbeid må gi konkret meirverdi
- Avgrensa administrative ressursar, særleg til nye planar



- Behov for:
  - Tydeleg agenda og prioriteringar
  - Meir konkrete samarbeidsprosjekt
  - Arbeid også mellom møta
- Møteform:
  - Vurdering av faste møte vs. behovsstyrte møte
  - Mogleg samordning for betre ressursbruk

### 5. Infrastruktur (veg og kollektiv)

- Reduserte rammer frå Vestland fylkeskommune
- Regionen er hardt ramma av mange fylkesvegar og lite midlar
- Behov for tydelegare prioriteringar i fylket

### 6. Reiseliv og næringsutvikling

- Reiseliv er eit sentralt felles satsingsområde
- Samarbeid om profilering og utvikling (t.d. Hardanger–Haugalandet)
- Mål om å få gjesteene til å bli lengre i regionen
- Utfordringar med reiseliv:
  - Reiseliv åleine gir ikkje berekraftig økonomi
  - Må sjåast i samanheng med anna næringsliv og industri
  - Viktig for bulyst, men kan også skape press på lokalsamfunn

### 7. Moglege samarbeidsområde

- Felles forvaltningsplan for fjorden
- Samarbeid om friluftsråd
  - Friluftsråd vurdert som mogleg samarbeidsområde
  - Eventuell utviding må vere godt forankra og gi nytte
- Forvaltning og bruk av konsesjonskraftmidlar
- Samordning av møte og arbeidsformer

### Oppsummering

Det er brei semje om at SHR og HR har fleire felles utfordringar og store moglegheiter for samarbeid. Særleg gjeld dette fjordforvaltning, energi, reiseliv og bustad. Vidare arbeid bør rettast mot konkrete tiltak, betre samordning og effektiv bruk av ressursar for å styrkje regional utvikling.



Møtedato 22.5.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

## HR-Sak 23/26 Meldingar

### 1. Samnanger kommune handsama 28.04.2026 - Søknad om medlemskap i Hardangerrådet

Vedtaket i Samnanger kommunestyre lyder som følgjer;

***Kommunestyret ber rådmannen komme med ei sak som belyser fordelar og ulemper ved eit eventuelt medlemskap i Hardangerrådet IKS, og kva kostnader som må vurderast.***

Framlegget frå Ordførar Karl Kolbotn om innmelding falt ved 4 👍 mot 17 👎, mens framlegget om utredning av medlemskap fekk 16 👍 mot 5 👎  
(Møtebok føreligg ikkje enno)

👉 <https://prod02.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowDmbHandlingDocument/89d4d1c3-cc0e-4497-9af5-bac975eb55e1/2435/CasesFremlegg>

### 2. Info - Brudd i tariffoppgjøret på Hovedtariffavtalen (HTA) 2026

Det vart ikkje einigheit i årets forhandlingar om ny (endringar) tariffavtale som Hardangerrådet iks er knytt til - Hovedtariffavtalen (HTA).

<https://www.samfunnsbedriftene.no/artikkel/forhandlingsbrudd-i-oppgjoret-om-hovedtariffavtalen>

## Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingane til vitande



Møtedato 22.5.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

## HR-Sak 24/26      Orienteringar

1.      Moglegheitsstudie Hardangerfjordruta
2.      Kraftturisme prosjektet - Invistasjon til kommunane Eidfjord, Kvam, Ulvik og Ullensvang.
3.      Høyring Kjernekraft  
Frist 08.10.2026  
[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/offentlig-horing-av-nou-20264-kjernekraft-i-norge/id3155294/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel\\_uke](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/offentlig-horing-av-nou-20264-kjernekraft-i-norge/id3155294/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel_uke)
4.      Invitasjon til å delta på Arendalsuka med Fjordvegen Rv 13
5.      Tar datasenter ut av definisjonen av alminneleg forsyning i konsesjonskraftordninga  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tar-datasenter-ut-av-definisjonen-av-alminnelig-forsyning-i-konsesjonskraftordningen/id3158660/>

LVK seier :

<https://lvk.no/artikler/energidepartementet-fratar-deler-av-konsesjonskraftordningen-fra-kraftkommunene>

### **Framlegg til vedtak:**

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 22.5.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

**HR-Sak 25/26**

**Oppfølging årsregnskap og årsmøtesaker  
Hardangerrådet iks**

**Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Uttale frå leiinga og mellombels revisjonsmelding Hardangerrådet IKS vert teke til vitande.

**Bakgrunn for saka:**

**§ 27. Selskapets regnskap**

Selskapet har regnskapsplikt etter **regnskapsloven**. Årsberetningen skal også redegjøre for

1. vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet og vesentlige avvik fra representantskapets premisser for bruken av de økonomiske rammene
2. selskapets måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for deltakerne eller innbyggerne.

Det kan bestemmes i selskapsavtalen at selskapet i stedet skal utarbeide årsregnskap og årsberetning etter **kommuneloven § 14-6** andre til fjerde ledd og **§ 14-7** andre ledd.

Selskapet har bokføringsplikt etter **bokføringsloven**.

Daglig leder skal utarbeide årsregnskapet senest 22. februar året etter regnskapsåret. Styret skal avlegge årsregnskapet og årsberetningen senest 31. mars. Årsregnskapet og årsberetningen skal revideres av regnskapsrevisor. Revisjonsberetningen skal avgis til representantskapet med kopi til styret senest 15. mai. Styret legger frem forslag til vedtak om årsregnskap og årsberetning for representantskapet.

Årsregnskapet og årsberetningen skal fastsettes av representantskapet senest 30. juni. Vedtaket skal angi hvordan et overskudd skal disponeres eller negativ egenkapital skal dekkes inn. Negativ egenkapital skal dekkes inn senest det andre året etter at det oppsto.

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om innholdet i årsregnskapet og årsberetningen. I forskrift kan det også gis nærmere regler om innholdet i plikten til å dekke inn negativ egenkapital.

**Saksvedlegg:**

Vedlegg 1: Uttale frå leiinga

Vedlegg 2: Mellombels revisjonsmelding Hardangerrådet IKS

**Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>

**Saksopplysninger:**

Styret i Hardangerrådet iks godkjent regnskapet og årsmelding den 26.02.2026

Generalforsamlingen godkjent regnskapet og årsmelding den 27.03.2026

Signert protokoll frå generalforsamling vert ettersendt til revisor.

**Til  
Vestlandsrevisjon IKS**

**UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE HARDANGERRÅDET IKS  
REKENESKAPSAVLEGGING FOR 2025**

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av årsrekneskapen for Hardangerrådet IKS for året som vart avslutta 31. desember 2025, med det formål å kunne konkludere om kor vidt årsrekneskapen i det alt vesentlege gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk.

Me bekreftar etter beste evne og overbevisning at:

*Rekneskap:*

Me har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at selskapet sin årsrekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, medrekna slik intern kontroll som me finn nødvendig for å mogleggjera utarbeiding av ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil. Me har vidare oppfylt vårt ansvar for utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova og forskrift til rekneskapslova, og meiner at årsrekneskapen gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk.

Metodane, dei viktige forutsetningane og dataene som er brukt av oss ved utarbeiding av rekneskapestimata og tilhøyrande tilleggsopplysningar er hensiktsmessige og i samsvar med det gjeldande rammeverket for finansiell rapportering.

Me har tatt tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse.

Alle hendingar etter datoen for årsrekneskapen og som ifylgje god rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.

Me meiner at virkninga av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for årsrekneskapen sett som heilheit. Ei liste over ikkje-korrigert feilinformasjon fylgjer som vedlegg.

Alle budsjettendringar vedtekne av representantskapen gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.

*Bokføring*

Me har oppfylt vår plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

*Opplysningar som er gitt:*

Me har gitt revisor:

- tilgang til alle opplysningar me har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av årsrekneskapen, herunder rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker,
- tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål, og
- ubegrensa tilgang til personar i selskapet som det etter revisor sin vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.

Alle transaksjonar er registrert i rekneskapspostar og reflektert i årsrekneskapen.

Me har gitt revisor opplysningar om resultatane av vår vurdering av risikoen for at årsrekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som fylgje av misleg framferd.

Me har gitt revisor alle opplysningar om eventuell misleg framferd eller mistankar om misleg framferd som me er kjent med og som involverer:

- leiinga,
- tilsette som har ein betydningsfull rolle i intern kontroll, eller
- andre

Me har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om misleg framferd eller mistanke om misleg framferd som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette eller andre.

Me har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av manglande overhalding eller mistanke om manglande overhalding av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeiding av årsrekneskapen.

Me har gitt revisor opplysningar om identiteten til selskapet sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som me er kjent med.

Me har rekneskapsført eller opplyst om i note, alle forpliktingar, både aktuelle og latente.

Selskapet har tilfredsstillande heimel til alle eigendelar, og det er ingen pantsettingar av eller heftingar på selskapet sine eigendelar, med unntak av dei som framgår av notar til rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (ev. tilvising til kommentarar i særskilt vedlegg):

---

Stad, dato

Dagleg leiar

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Ann Irene Eliassen Myrheim

### Dagleg leiar

På vegne av: Hardangerrådet IKS

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5993-4-2604288

IP: 77.16.xxx.xxx

2026-05-15 07:25:28 UTC



QES

bankID



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutl.penneo.com>.

### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Til  
Hardangerrådet IKS

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Hardangerrådet IKS vedtok årsrekneskap og årsmelding 26. februar som er innan fristen 31. mars i lov om interkommunale selskap. Vi mottok rekneskapen til revisjon 6. mai.2026, og har av den grunn ikkje vore i stand til å utføre revisjon innan fristen for å skrive revisjonsmelding 15. mai i samsvar med lov om interkommunale rekneskap § 27 fjerde ledd.

Vi kan difor ikkje uttale oss om årsrekneskapen.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt tilbake når vi har fått gjennomført dei nødvendige revisjonshandlingane for å bekrefte innhaldet i rekneskapen og årsmeldinga.

15. mai 2026

Vestlandsrevisjon IKS

Bjarte Urnes  
Statsautorisert revisor

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Bjarte Urnes**

**Statsautorisert revisor**

Serienummer: bankid.no no\_bankid:9578-5993-4-2446008

IP: 85.200.xxx.xxx

2026-05-15 07:26:08 UTC



QES

 bankID



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutl.penneo.com>.

#### Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørens digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Møtedato 22.05.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
---------------------	---------------------------------

**HR-sak 26/26**

**Nytt frå kvar kommune**

**Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

**Saksopplysningar:**

Saka er sett opp som ei fast orienteringssak med føremål å sikre jamleg og strukturert informasjonsutveksling mellom kommunane i Hardangerrådet.

Kvar kommune gjev ei kort orientering om viktige saker, prosessar og hendingar av overordna og strategisk betydning, til dømes innan:

- politiske vedtak og prioriteringar
- større utviklings- og investeringsprosjekt
- organisasjonsendringar eller særlege utfordringar
- saker som kan ha regional betydning eller krev samordning

Runden rundt bordet skal bidra til felles situasjonsforståing, betre samordning og styrkt regionalt samarbeid, i tråd med prinsipp om koordinering og informasjonsdeling i interkommunalt samarbeid (jf. KS sine tilrådingar for regional samhandling og nettverksstyring).



Møtedato 22.5.2026	Saksansvarleg Ann Irene Myrheim
--------------------	---------------------------------

**HR-Sak sak 27/26**

**Nytt frå rådmannsforum**

**Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Ingen framlegg til vedtak

**Saksvedlegg:**

Vedlegg 1: Referat frå Rådmannsforum 8.5.2026

**Saksopplysningar:**

RF-sak 23/26 Saker i Hardangerrådet Saker til Hardangerrådet :

1. Konsept Arendalsuka 2027
2. Profilering Hardanger og Turistinformasjonane i regionen
3. Dialog om samarbeid med Sunnhordlandrådet
4. Opningstider for butikkar på turiststader. Kva er utgangspunkt for ja/nei?
5. Fellesmøte før sommaren 22.juni 2026 i Jondal.



## Referat Rådmanforum 8.5.6.2026 på Hotel Ullensvang kl 0900-1130

Møtte : Thore Hopperstad, Ulvik herad - Leiar  
Anita Hesthamar, Kvam herad  
Magnus Steigedal, Eidfjord kommune  
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune

### Saker til handsaming:

#### **RF-sak 19/26                      Innkalling og sakliste**

**Vedtak:**

RF godkjenner innkalling og sakliste

#### **RF-sak 20/26                      Godkjenning av møtebøker og referat**

**Vedtak:**

RF godkjenner møtebøkene og referat

#### **RF-sak 21/26                      Meldingar**

**Vedtak:**

RF tek meldingane til vitande

#### **RF-sak 22/26                      Orienteringssaker**

**Vedtak:**

1. Mulighetsstudie Hardangerfjodruta er teke til vitande
2. Kraftturisme prosjektet - Invistasjon sendt til kommunane Eidfjord, Kvam, Ulvik og Ullensvang.
3. Kurs i KS sin heilheitsmodell for kommunar skal opp på møtet 4.9.2026
4. Høyring Kjernekraft har frist 08.10.2026. Saka vert teke med på møtet 4.9.2026
5. Referanse-systemet - [refapp.no](http://refapp.no) . Leverandøren presenterer demo på appen digitalt.
6. Invitasjon til å delta på Arendalsuka med Fjordvegen Rv 13  
Dagleg leiar deltek for Hardangerrådet og Rådmanforum på Arendalsuka 2026
7. Regjeringa føreslår å ta datasenter ut av definisjonen av alminneleg forsyning i konsesjonskraftordninga. LVK møte 20.-21.5.2026 tek saka opp. Kommunane deltek der.



## **RF-sak 23/26**

### **Saker i Hardangerrådet**

Saker til Hardangerrådet :

1. Konsept Arendalsuka 2027
2. Profilering Hardanger og Turistinformasjonane i regionen
3. Dialog om samarbeid med Sunnhordlandrådet
4. Opningstider for butikkar på turiststader.KVa er utgangspunkt for ja/nei?
5. Fellesmøte før sommaren 22.juni 2026 i Jondal.

## **RF-sak 24/26**

### **Skisse prosjektplan besøksbidrag i Hardanger**

#### **Vedtak:**

Teke til vitande

## **RF-sak 25/26**

### **Saker som kjem til.**

Saker til Kommunedirektørutvalet sitt møte 21.5.2026. Rådmann i Kvam herad er del av utval og ber om saker ho bør/kan ha med seg til debattane og sitt innlegg. Møtet skal vera 21.ma

Lofthus 8.5.2026

Thore Hopperstad  
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim  
Dagleg leiar



Møtedato 22.5.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

**HR-Sak sak 28/26**

**Høyring cruiseavgift**

**Vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet tilrår at kommunane i Hardanger vurderer å innføre kommunal cruiseavgift med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 104 om besøksbidrag og forslag til forskrift om cruiseavgift.

Hardangerrådet iks sluttar seg til framlagd høyringsuttale frå administrasjon til Nærings- og fiskeridepartementet, "Høyringsuttale frå Hardangerrådet iks – Forslag til forskrift om cruiseavgift", datert 15.05.2026.

Hardangerrådet meiner det er viktig at kommunane i Hardanger etablerar ei mest mogleg samordna ordning for cruiseavgift for å unngå ulik praksis og intern konkurranse mellom hamner og kommunar.

**Bakgrunn for saka:**

Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette forslag til forskrift om cruiseavgift på høring. Forskriften er hjemlet i lov 20. juni 2025 nr. 104 om besøksbidrag (besøksbidragsloven). Forskriften gir kommunene hjemmel til å innføre cruiseavgift ved en kommunal forskrift, og den gir rammene for hva den kommunale forskriften kan inneholde.

Departementet foreslår i høringsnotatet at kommuner som velger å innføre besøksbidrag fra cruisevirksomhet, kan illegge en avgift på 100 kroner pr. passasjer pr. påbegynte 24-timersperiode cruiseskipet ligger i havn i kommunen eller det setter passasjerer i havn i kommunen. Kommunen er innkrevingsmyndighet.

Kommunen kan i forskrift bestemme at en havn som ikke er en del av kommunen som rettssubjekt, skal beregne, kreve inn fra den avgiftspliktige og betale cruiseavgiften til kommunen. I tråd med formålet i besøksbidragsloven skal inntektene fra avgiften gå til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder.

Reiselivsrelaterte fellesgoder som kan finansieres av cruiseavgiften, er tjenester, natur, kulturmiljøer, infrastruktur, bygninger, og andre elementer, der bruken av eller behovet for disse øker vesentlig med antall besøkende. Forslaget inneber at besøkjande i større grad må bera kostnadane dei påfører lokalsamfunna dei besøkjer. Dette kan bidra til betre sameksistens mellom lokalbefolkningen og cruiseverksemda.

## Saksvedlegg:

Vedlegg 1: [Høringsnotat – Forslag til forskrift om cruiseavgift](#)

Vedlegg 2: Høyringsuttale frå Hardangerrådet iks – Forslag til forskrift om cruiseavgift

## Sakstilfang:

[Høring av forskrift om cruiseavgift - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

## Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Lov 20. juni 2025 nr. 104 om besøksbidrag \(besøksbidragslova\).](#)

## Saksopplysningar:

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt forslag til forskrift om cruiseavgift på høyring. Forskrifta er heimla i besøksbidragslova frå 2025 og gir kommunane høve til å innføre cruiseavgift gjennom lokal forskrift.

Forslaget opnar for at kommunar kan krevje inn inntil 100 kroner per cruisegjest per påbegynte 24-timersperiode medan cruiseskip ligg i hamn eller set passasjerar i land i kommunen.

Avgifta skal gjelde for cruiseskip over 100 meter som går i cruiseverksemd med turprogram på minst 24 timar.

Inntektene frå avgifta skal nyttast til reiselivsrelaterte fellesgode og kan ikkje nyttast som frie kommunale inntekter. Døme på tiltak er:

- toalett og renovasjon
- trafikkhandtering
- informasjon og vertskap
- vedlikehald av stiar og friluftsområde
- infrastruktur i hamneområde og sentrum.

I Hardanger har Eidfjord, Ullensvang og Ulvik cruiseanløp. Cruisetrafikken gjev verdiskaping for næringsliv og reiseliv, men fører også til belastningar på infrastruktur, natur, trafikk og kommunale tenester.

Forskrifta opnar også for at private kaier og tendertrafikk kan omfattast av ordninga dersom passasjerar vert sette i land i kommunen.

Det vil vere behov for å avklara:

- om kommunane i Hardanger skal ha ei felles ordning
- kven som skal krevje inn avgifta
- korleis inntektene skal fordelast og nyttast
- korleis ordninga skal samordnast mellom kommunar og hamner.

## Vurderingar:

Forslaget til cruiseavgift representerer ei ny finansieringsordning for kommunar med cruisetraffikk.

For Hardanger vil det vere strategisk viktig å vurdere ordninga i eit regionalt perspektiv.

Hardanger er eitt samla reisemål der cruiseanløp, besøksstraumar og marknadsføring verkar på tvers av kommunegrenser. Ei fragmentert innføring av cruiseavgift kan gje:

- ulik praksis mellom kommunane
- konkurranse mellom kaiar og hamner
- utydelege styringslinjer
- ulik belastning og ulik finansiering av fellesgode.

Ei samordna regional tilnærming kan på den andre sida gi:

- meir føreseielege rammevilkår
- betre koordinering mellom kommunar og hamner
- felles prinsipp for bruk av inntekter
- styrkt legitimitet for cruisenæringa
- betre grunnlag for berekraftig besøksforvaltning.

Det er særleg behov for å greie ut:

1. Om kommunane skal ha felles modell for cruiseavgift.
2. Kven som skal krevje inn avgifta.
3. Korleis midlane skal fordelast mellom kommune, hamn og eventuelle regionale tiltak.
4. Korleis ordninga skal handterast for private kaiar og tenderanløp.
5. Korleis inntektene kan nyttast til felles regionale tiltak knytt til besøksforvaltning.

Ei felles regional utgreiing vil gi kommunane betre grunnlag for vidare politiske vedtak og sikra at Hardanger vurderar ordninga samla.

Til: Nærings- og fiskeridepartementet  
Frå: Hardangerrådet IKS

Dato: 15.05.2026

## **Høyringsuttale frå Hardangerrådet iks til forslag om forskrift om cruiseavgift.**

Hardangerrådet viser til høyring av forslag til forskrift om cruiseavgift med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 104 om besøksbidrag.

Hardangerrådet representerer kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Hardangerrådet støttar hovudintensjonen i forslaget om å gi kommunane høve til å innføra cruiseavgift for å finansiera reiselivsrelaterte fellesgode og handtera belastningar som følgjer av cruisetrafikk.

Hardanger er eitt av dei viktigaste fjord- og cruisereisemåla i Noreg. Cruisetrafikken gjev store verdiar for reiseliv og næringsliv, men medfører samstundes betydelege kostnader og belastningar for lokalsamfunn, kommunal infrastruktur og natur- og kulturmiljø.

### **1. Behov for lokal og regional handlingsfridom**

Hardangerrådet støttar at kommunane får heimel til å innføra cruiseavgift gjennom lokal forskrift.

Samtidig meiner Hardangerrådet det er viktig at regelverket legg til rette for regional samordning mellom kommunar og hamner.

Cruisetrafikken i Hardanger verkar på tvers av kommunegrenser, og ei fragmentert ordning kan føre til:

- konkurranse mellom kommunar og hamner
- flytting av cruiseanløp mellom destinasjonar
- ulik praksis og ulike avgiftsnivå
- utydelege rammevilkår for næringa.

Departementet bør derfor vurdere om forskrifta i større grad kan opna for interkommunale eller regionale samarbeidsløysingar knytt til:

- administrasjon
- innkrevjing
- rapportering
- bruk av inntekter.

## 2. Belastning må vurderast breiare enn tal på anløp

Hardangerrådet meiner det er viktig at belastning ikkje berre vert vurdert ut frå talet på cruiseanløp.

Mindre og mellomstore kommunar kan oppleve stor belastning sjølv med få anløp dersom:

- skipa har høg passasjerkapasitet
- fleire skip kjem samstundes
- infrastrukturen er avgrensa
- natur- og friluftsområde er sårbare
- cruisetrafikken utløyser investeringsbehov.

Det bør derfor gå tydeleg fram av forskrifta eller rettleiinga at kommunane kan leggje vekt på:

- samla passasjervolum
- samtidige anløp
- geografiske forhold
- naturbelastning
- investerings- og driftskostnader.

## 3. Private kaier og tendertrafikk

Hardangerrådet støttar at forskrifta omfattar både private kaier og tendertrafikk.

Dersom ordninga ikkje omfattar slike anløp, vil det kunne føre til omgåing av regelverket og konkurransevriding mellom ulike hamner og kaieigarar.

Det er viktig at forskrifta er klar på dette:

- ansvar for innrapportering
- ansvar for innbetaling
- kontroll og dokumentasjon
- samhandling mellom kommune, hamn og private aktørar.

## 4. Bruk av inntektene

Hardangerrådet støttar at inntektene skal nyttast til reiselivsrelaterte fellesgoder.

For kommunar med stor cruisetrafikk vil det vere særleg aktuelt å nytte midlane til:

- trafikkhandtering
- toalett og renovasjon
- vertskap og informasjon
- naturforvaltning
- vedlikehald av stiar og friluftsområde
- tryggleik og beredskap
- infrastruktur i hamneområde og sentrum.

Hardangerrådet meiner det også bør opnast for at delar av inntektene kan nyttast til regionale tiltak når belastninga og besøksstraumane går på tvers av kommunegrenser.

## 5. Administrative konsekvensar

Forslaget vil innebere nye administrative oppgåver for kommunane. Det vil vere behov for:

- juridiske avklaringar
- rapporteringssystem
- kontrollrutinar
- avtalar med hamner og private aktørar
- dokumentasjon av bruk av midlane.

Departementet bør derfor utarbeide nasjonale rettleiarar og standardiserte modellar for innkrevjing og rapportering.

Dette vil vere særleg viktig for mindre kommunar med avgrensa administrativ kapasitet.

## 6. Oppsummering

Hardangerrådet støttar hovudintensjonen i forskrifta og meiner cruiseavgift kan vere eit viktig verkemiddel for:


- betre finansiering av reiselivsrelaterte fellesgode
- meir berekraftig besøksforvaltning
- betre balanse mellom lokal belastning og verdiskaping.

Samtidig meiner Hardangerrådet det er viktig at forskrifta:

- legg til rette for regional samordning
- omfattar private kaier og tendertrafikk
- gir kommunane tilstrekkeleg fleksibilitet
- tek omsyn til samla belastning, ikkje berre tal på anløp
- reduserer unødvendig administrativ kompleksitet.

Med helsing  
Hardangerrådet iks

Ann Irene E. Myrheim  
Dagleg leiar





Møtedato 22.5.2026

Saksansvarleg Ann Irenen Myrheim

## HR-sak 29/26      Besøksbidrag i Hardanger

### Vedtak:

### Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

### Bakgrunn for saka:

HR-sak 19/26 og RF-sak 17/26, Besøksbidrag i Hardanger den 27.03.2026 gjorde følgjande vedtak;

*Hardangerrådet saman med kommunale næringssjefar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstilfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.*

### Saksvedlegg:

Vedlegg 1:      Prosjektskisse besøksbidrag

### Saksopplysningar:

Med bakgrunn i vedtak i HR-sak 19/26 og RF-sak 17/26 er det utarbeidd ei prosjektskisse for å sikre ei samordna og strukturert utgreiing av organiseringa av arbeidet med felles saksframlegg til kommunane om besøksbidrag i Hardanger.

Prosjektskissa skal leggje til rette for felles saksgrunnlag til kommunane, avklare modell for lokal og regional bruk av midlane, samt sikre framdrift og involvering av næringa i tråd med krav i Besøksbidragslova og forslag til forskrift.

## Tidlegare sak



Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irenen Myrheim

**HR-sak 19/26      RF-sak 17/26      Besøksbidrag i Hardanger**

### **Vedtak:**

*Hardangerrådet saman med kommunale næringssejfar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.*

### **Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet, i samarbeid med dei kommunale næringssejfanane, får mandat til å utarbeide ei felles sakshandsaming som del av det kommunale sakstfangnet i kvar kommune ved handsaming av besøksbidrag.

Det skal samstundes utgreiast forslag til både ein kommunal og ein regional del av ordninga.

### **Bakgrunn for saka:**

Stortinget har vedteke Besøksbidragslova av 20. juni 2025, som gjev kommunane heimel til å innføre ei lokal avgift på overnatting.

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt forslag til forskrift om overnattingsavgift på høyring. Forskrifta konkretiserar korleis ordninga kan gjennomførast i praksis, og den vil gje kommunane heimel til å innføre ei lokal avgift på overnatting som verkemedel for å finansiera fellesgoder knytt til reiseliv både lokalt og regionalt.

Hardanger er ein region med stor tilstrøyming av tilreisande, særleg i sommarsesongen. Attraksjonar som Trolltunga, Vøringfossen, Steinsdalsfossen og Hardangerfjorden medfører betydeleg bruk av kommunal infrastruktur og naturbaserte områder.

### **Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

- Besøksbidragslova av 20.6.2025
- [Forlag til forskrift om overnattingsavgift \(på høyring\)](#)
- Kommunelova

## Saksopplysningar:

Ordninga er retta mot kommunar/regionar med høg turistbelastning, og Hardanger fell innfor målgruppa. Lova og forskrifta opnar for interkommunalt samarbeid om plan og forvaltning, noko som gjev grunnlag for ei felles regional løysing.

Ordninga omfattar hotell, hytter og kortidsutleige, t.d. Airbnb.

### Pårekna saksgang vedrørende besøksbidrag :

1. Vedteke lov om besøksbidrag - Stortinget 20.juni 2025
2. Forskrift overnattingsbidrag med høyringsfrist 7.april 2026
3. Lokal (evt regional) sakshandsaming/utgreiing i forkant politisk vedtak
4. Politisk vedtak i kommune/herad
5. Utarbeida lokal forskrift (Lovpålagd ved vedtak om innføring)
6. Søknad til departementet (Lovpålagt ved vedtak om innføring)
7. Statleg godkjenning før innføring
8. Regjeringens sitt mål er at lova trer i kraft 1.7.2026, og at kommunane kan innføra besøksbidrag fom 2027.

## Vurderingar:

Her må me ta med at ein bør splitta avgifta i ein kommunal og ein regional del.

Utgreie bruken av midlane lokalt og regionalt til utvikling av felles regionale produkt og satsingar.

### Lokal del kan brukast til:

- offentlege toalett
- tilrettelegging og vedlikehald turstiar,
- søppelhandtering,
- informasjonverksemd
- skilt
- vedlikehald bygningar og anna infrastruktur som har slitasje ved stor pågang

### Regional del kan brukast på:

- felles transportløysingar
- besøksstyring
- digital trafikkdata
- felles stiinfrastruktur.

I fleire Vestlandsdiskusjonar har ein sett på 60–70 % lokal bruk og 30–40 % regional fellesforvaltning

Eit eksempel på korleis ein arbeider med saka er Lofotrådet, som har lyst ut ei 100 % prosjektstilling i to år for å utvikla ein felles regional modell for besøksforvaltning og bruk av besøksbidrag i Lofoten.

Hovudoppgåva i prosjektet deira er å etablere ein struktur og eit system for felles bruk av midlane på tvers av kommunane. Arbeidet omfattar mellom anna:

- utvikla felles organisering av besøksforvaltning i Lofoten
- utarbeida felles forskriftsgrunnlag for besøksbidrag
- laga kriterium og prioriteringar for bruk av inntektene
- koordinera interkommunalt samarbeid mellom kommunane
- sikra politisk og administrativ forankring
- vera sekretariat for reisemålsleiinga i regionen

Reiselivsregionen Lofoten vert invitert til å halda presentasjon for regionråda 10.04.2026

Hardangerkommunane bør samordna seg regionalt for å sikra like vilkår og føreseielege rammer for næringa.

Det skal etablerast ei prosjektgruppe for felles saksutgreiing og førebuing til sak som skal til handsaming i kvar av kommunane/heradstyra.

Prosjektgruppa er føreslått skal bestå av næringssjefar og adm. HR med innspel frå næringa.



## PROSJEKTSKISSE

# UTGREIING AV BESØKSBIDRAG I HARDANGER

## 1. Prosjektmandat

Hardangerrådet og Rådmannsforum gav i fellesmøte den 27.03.2026, i sak HR-sak 19/26 -RF-sak 17/26, følgende vedtak;

### Vedtak:

*Hardangerrådet saman med kommunale næringsjefar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstilfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.*

### 1.1

Kommunale næringsjefane i Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik saman med administrasjonen i Hardangerrådet vert gjeve mandat til å utgreie grunnlag for innføring av besøksbidrag i Hardanger, inkludert:

- felles saksgrunnlag til politisk handsaming i kvar kommune
- avgrensingar
- modell for fordeling mellom kommunal og regional del
- forslag til organisering og forvaltning av ordninga

## 2. Prosjekteigar og organisering

- Prosjekteigar: Hardangerrådet
- Prosjektansvarleg: Rådsordførar
- Prosjektleder: Ann Irene Myrheim
- Prosjektgruppe:
  - kommunale næringsjefar
  - administrasjon i Hardangerrådet
- Ressursgruppe
  - VLFK
  - Representantar frå reiselivsnæringa (inkl. destinasjonsselskapet)
  - Lofotrådet og andre regionråd



### 3. Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen er vedteken Besøksbidragslova, forslag til forskrift om overnattingsavgift og Cruiseavgift.

Hardanger er definert som ein reiselivsdestinasjon med aukande turisme. Kommunane opplever eit auka behov for tilrettelegging for å møte den auka turiststraumen. Innføring av besøksbidrag kan gje kommunane ein finansieringsordninga til å løyse utfordringar i pressområder knytt til reiselivsnæringa

Utvikle en felles modell for besøksforvaltning i Hardanger, som legger til rette for innføring og bruk av besøksbidrag i tråd med lovens formål. Modellen skal styrke kommunenes evne til å håndtere reiselivets belastninger, sikre bedre planlegging og forvaltning av reiselivsrelaterte fellesgoder, og bidra til en mer bærekraftig og koordinert oppgaveløsning mellom kommunene.

#### Føremål med prosjektet:

- sikre felles regional tilnærming
- leggje til rette for like vilkår for næringa
- etablere kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak

### 4. Mål for prosjektet

#### Hovudmål

Utarbeide felles saksgrunnlag til kommunane for mogleg innføring av besøksbidrag i Hardanger frå 2027.

#### Delmål

- utarbeide felles saksframlegg til kommunane
- utgreie modell for lokal og regional fordeling
- peike på moglege tiltak og prioriteringar
- foreslå organisering av forvaltning
- plan for forankring i næringa



## 5. Prosjektomfang (leveransar)

Prosjektet skal levere:

1. Felles saksframlegg
  - tilpassa handsaming i kvar kommune
2. Plan for bruk av midlar
  - krav etter forskrifta
  - inkludert lokal og regional del
3. Modell for fordeling kommunalt og regionalt
4. Forslag til organisering
  - rolle for Hardangerrådet
  - eventuell interkommunal modell
5. Moglege tiltak og prioriterte tiltak

Lokal del:

Som eksempel;

- toalett, avfall, stiar
- tilrettelegging og vedlikehald
- informasjon og skilting

Regional del

Som eksempel;

- transportløysingar
- besøksstyring
- trafikkdata og analyse
- felles stiinfrastruktur

## 6. Framdriftsplan

Fase	Innhald	Tidsrom
1. Oppstart	Etablere prosjektgruppe og mandat	mai 2026
2. Kunnskapsgrunnlag	Innhente data, erfaringar (m.a. Lofoten)	mai
3. Utgreiing	Modell for avgift, fordeling og tiltak	juni - august
4. Dialog	Involvering av næring og kommunar	september
5. Utarbeiding	Felles plan og saksframlegg	Oktober
6. Politisk behandling	Kommunal handsaming	haust 2026



## 7. Suksessfaktorar

- sterk politisk forankring i alle kommunar
- tett dialog med reiselivsnæringa
- enkel og tydeleg modell
- god regional koordinering
- tydeleg kopling til fellesgode

## 8. Risiko og utfordringar

Risiko	Handtering
Manglande politisk semje	tidleg involvering
Motstand frå næringa	open dialog og synlege tiltak
Uklår fordeling	tydelege kriterium
Administrativ kompleksitet	enkle modellar og digitalisering